

Kommuneplanen sin arealdel

Endringsframlegg frå KrF

1. Grav og urnelund GU1 vert flytta til sørvestsida av FV 244, i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Grunngjeving: Området som er føreslege i planen er dyrka mark og hovudteigen til eit bruk der unge brukarar har overtatt og ynskjer å driva landbruk. Området som vi foreslår, er ikkje i drift pr i dag.

2. B6 Bustadområde/ fortetting Frekhaug vert tatt ut av planen.

Grunngjeving: Her går gang/sykkelvegen til Sagstad skule for ein stor del av elevane. Det trengs takast vare på grønne lunger i Frekhaugområdet. I planen ligg det inne eit stort tal bustader i Frekhaugområdet/Sagstad skulekrins.

3. B10 Holme vert tatt ut av planen

Grunngjeving: Dette er eit jordbruksområde. Den dyrka marka som ligg att inneklemt mellom bustadområda, mister mykje av bruksverdien sin ved å bli så inneklemt. Området som ligg mellom FV546 og Hoplandsvegen, er eit godt beiteområde.

4. Område N8 Fløksand i tidlegare utgåve av planen, vert gjort om til bustadområde.

Grunngjeving: Det trengst eit bustadområde i denne krinsen for å sikra eit stabilt elevtal i Vestbygd skulekrins. Det er tilrettelagt gang- og sykkelveg frå området heilt fram til Vestbygd skule.

5. Omsynssone landbruk (H510) vert tatt inn att i området Langeland – Mjåtveit - Sagstad.

Grunngjeving: Dette er eit pressområde, og det er viktig at det vert tatt vare på landbruk i området.

6. Område N5 vert tatt inn i tråd med første utkast med unntak av område eigd av andre.